

ÅRSMØTET

Årsmøtet blir halde i **Scandic Bergen City, Håkonsgt 3-5, Bergen**

torsdag 12. mai 2005 kl. 1200.

(Dørene blir stengde når møtet er sett.)

Utlevering av røystemateriell vil skje frå kl. 1030.

I samsvar med selskapet sine vedtekter er sett opp slik sakliste :

1. Opning av årsmøtet v/bedriftsforsamlinga sin leiar – jfr. § 10 i vedtektene.
2. Godkjenning av innkalling og sakliste.
3. Val av aksjeeigar til å underteikna protokollen saman med møteleiar.
4. Årsoppgjeret 2004 for Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap ASA og konsernet.
5. Vidareføring av fullmakt til styret om kjøp av egne aksjar.
6. Val på medlemmer og varamedlemmer til bedriftsforsamlinga.

Framlegg til vedtak i sakene 4 og 5 følgjer vedlagt under **Saksopplysningar.**

Aksjeeigarar som ønskjer å ta del i årsmøtet, må melda frå om dette **skriftleg** til HSD ved å senda inn **møtesetelen** som ligg ved innkallinga til årsmøtet.

Aksjeeigarar som ikkje sjølve har høve til å møta, kan møta med fullmektig, jf. § 13 i vedtektene. Ein kan då nytta **fullmaktsblanketten som ligg ved innkallinga.**
Fullmakter som ikkje er sende inn innan fristen, vil berre bli godtekne dersom aksjeeigaren har sendt inn møtesetelen til rett tid.

Har aksjeeigaren ikkje meldt seg i rett tid, kan han bli nekta tilgjenge til årsmøtet.

Møtesetelen, eventuelt utfylt fullmaktsblankett, må sendast til:

Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap ASA
Postboks 2005 Nordnes
5817 BERGEN

Sendinga må vera komen inn til selskapet sitt kontor seinast 9. mai 2005.

Bergen, 31. mars 2005

Karstein Bremnes
leiar i bedriftsforsamlinga

Dagfinn Neteland
konsernsjef

Saksopplysningar:

Sak 4: Årsoppgjeret 2004 for Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap ASA og konsernet.

Bedriftsforsamlinga har i møte 31. mars 2005 hatt føre årsoppgjeret for Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap ASA og konsernet, og har gjort vedtak om at det blir betalt ut utbytte til aksjeeigarane for 2004 med kr. 5,- pr. aksje, med atterhald om at årsmøtet fastset resultatrekneskapen og balansen og styret si årsmelding.

Bedriftsforsamlinga rår årsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Årsmøtet fastset den framlagde resultatrekneskapen og balansen med styret si årsmelding som rekneskapen til Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap ASA og konsernet for 2004.

Sak 5: Vidareføring av fullmakt til styret om kjøp av egne aksjar

Ved vedtak i årsmøtet 13. mai 2004 fekk styret fullmakt til å kjøpa egne aksjar for inntil 10 % av aksjekapitalen. Fullmakta gjeld i 12 månader frå årsmøtedatoen 13. mai 2004. Styret bør ha ei ståande fullmakt til kjøp av egne aksjar inntil 10 % av aksjekapitalen.

På denne måten vert det etablert ein mogleg handlefridom med tanke på eventuelle kjøp av egedelar/verksemd mot oppgjer i HSD-aksjar, samt løysingar der HSD-aksjar kan nyttast som vederlag ved fusjonar. Kjøp av egne aksjar kan også leggja til rette for å knyta andre verksemdar til selskapet.

Bedriftsforsamlinga har i møte 31. mars 2005 slutta seg til styret si tilråding og rår årsmøtet til å gjera slikt vedtak:

1. Styret i Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap ASA får fullmakt til på vegner av selskapet å kjøpa egne aksjar for samla pålydande inntil kr 1.754.416,-, som tilsvarar 10% av den noverande aksjekapital.
2. Høgste sum som kan betalast pr. aksje er kr. 350,-, minste kr. 1,-.
3. Kjøp og avhending av egne aksjar kan skje slik styret finn føremålstenleg. Dette for å leggja til rette for eventuelle kjøp av egedelar/verksemd mot oppgjer i HSD-aksjar, samt eventuelle løysingar der HSD-aksjar kan nyttast som vederlag ved fusjonar. Kjøp av egne aksjar kan også leggja til rette for å knyta andre verksemdar til selskapet. Kjøp kan skje over børs eller direkte frå eigarane.
4. Fullmakta gjeld i 12 månader rekna frå årsmøtet 12. mai 2005.
5. Dersom egne aksjar blir selde, gjeld fullmakta også kjøp av egne aksjar til erstatning for dei som vert selde, så lenge summen av egne aksjar ikkje overstig 10% grensa.

Sak 6: Val på medlemmer og varamedlemmer til bedriftsforsamlinga.

Sjå oversyn over bedriftsforsamlinga, der det går fram kven som er på val i år.

Ein vil oppmoda om at vallister for dei ulike krinsane blir sende til

Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap ASA
Valnemnda
Postboks 2005 Nordnes
5817 Bergen

i god tid før årsmøtet.

På vallistene skal stå namn på kandidatar både som medlem og varamedlem, med
overskrift som syner kven som skal vera medlemmer og kven som skal vera varamedlemmer.

(logo)

Innkalling til

ÅRSMØTE

i

Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap ASA

Scandic Bergen City, Håkonsgt 3-5, Bergen,

torsdag 12. mai 2005 kl. 1200.